



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
27.06.2017  
Dykkar dato  
21.06.2017

Vår referanse  
2017/8026 331.1  
Dykkar referanse

Meland kommune,  
Postboks 79,  
5906 Frekhaug

### MELAND KOMMUNE - BUDSJETT FOR 2017

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2017, vedteke i kommunestyremøte 14.desember 2016.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommune-styret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera ut-arbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til same skatteøyre for kommunane i 2017 som i 2016, 11,8 prosent.

#### Frie inntekter

Kommunen budsjetterte opphavleg med kr. 199.116.000,- i skatt på eige og inntekt for 2017.

I 2016 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 9,7 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2016 til 2017 med 1,0 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2016 var 82,7 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2017 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2017 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 421,1 mill.

Inntektsprognosene for 2017 er no oppdatert med endelige innbyggjartal per 01.01.2017 og innkomen skatt i 2016. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2017. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2016.

Dei budsjetterte frie inntektene i opphavleg budsjett var om lag kr. 1,4 mill. for høge samanlikna med den siste inntektsprognosene. Kommunestyret har i vedtak om budsjettrevisjon 14.juni d.å. justert ned dei frie inntektene med kr. 1,3 mill. Det er viktig at kommunen følgjer utviklinga i dei frie inntektene nøyne og om nødvendig justerer ned inntektene ytterlegare i budsjettet.

#### Eigedomsskatt

Det er budsjettet med kr. 19,05 mill. i eigedomsskatt for 2017. Innkomen eigedomsskatt i 2016 var kr. 18,8 mill.

Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2017. Eigedomsskatt på hus og fritidseigedomar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2017.

#### Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte var opphavleg budsjettet med til saman kr. 6,0 mill. Av dette var utbytte frå BKK budsjettet til kr. 3,0 mill. (0,76 prosent av kr. 400 mill.). Utbytte frå BKK er opplyst til å bli kr. 3,8 mill. Renteinntekter og utbytte er på denne bakgrunn justert opp frå kr. 6,0 mill. til kr. 6,8 mill.

Renteinntekter og utbytte er i rekneskapen for 2016 om lag kr. 7,0 mill.

#### Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,5 prosent. I dette inngjekk pårekna lønsvekst med 2,7 prosent.

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna lønsvekst redusert til 2,4 prosent.

#### Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstige den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag  $3 \frac{1}{2}$  - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettet med kr. 16.158.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga er noko for låge i høve til det tilrådde minstenivået. Dei utgjer i overkant av 3,0 prosent av netto lånegjeld ved utgangen av 2016.

### Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndekning av underskot ).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmere det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet med kr. 1.240.000,-. Det er budsjettet dekt med bruk av bundne driftsfond innan vass- og avlaupssektoren. Avgiftsgebyra er reduserte for å redusera sjølvkostfond innan vass- og avlaupssektoren.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst  $1 \frac{3}{4}$  prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn  $1 \frac{3}{4}$  prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Når vi korrigerer for bruk av bundne driftsfond, vil netto driftsresultat i budsjettet vere lik null. Det oppfyller ikkje tilråding om kor stort netto driftsoverskot kommunane bør ha. Det er viktig at kommunen styrker netto driftsoverskot framover og oppfyller tilråding som er gitt om størrelse på netto driftsoverskot.

I rekneskapen for 2016 er det eit netto driftsoverskot med kr.  $14 \frac{1}{4}$  mill. Etter netto avsetjingar er det i rekneskapen for 2016 eit mindreforbruk med i underkant av kr. 9,0 mill. I rekneskapen utgjer netto driftsoverskot 2,5 prosent av driftsinntektene. Det positive resultatet i 2016 har for ein stor del samanheng med ekstraordinær mellombels høg skattevekst for kommunane i 2016.

### Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2017 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 143,1 mill. Dei største investeringane er i tilbygg Gravdal skule og tilbygg Sagstad skule. Av investeringane utgjer avgiftsfinansierte investeringar innan vass- og avlaupssektoren om lag kr. 52 mill.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr. 124,3 mill. I tillegg er investeringane planlagt finansierte med momskompensasjon og bruk av avsetjingar. Ein stor del av planlagt bruk av lån er unytta lånemidlar som er tekne opp i 2016, det vil seie om lag kr. 75 mill. Nye låneopptak i 2017 vil difor vere i underkant av kr. 50 mill.

Eigenkapitalinnskot KLP, kr. 0,9 mill., blir i samsvar med økonomireglane finansiert utan lån. Det er budsjettet med startlån, kr. 8,0 mill., til vidare utlån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2015 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr. 73.804,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 56.773,-.

Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2015 var kr. 70.482,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2016 er rekna til om lag kr. 566,8 mill., eller om lag kr. 70.700,- per innbyggjar.

Kommunen si lånegjeld aukar mykje i toårsperioden 2016 - 2017. Det er eit svært høgt investeringssnivå i denne perioden. Kommunen har ikkje høge nok inntekter og driftsoverskot til å vidareføra det høge nivået på investeringar og låneopptak. Investeringane og låneopptak må bli sett i samanheng med om kommunen har netto driftsoverskot til å bere auken i gjelda.

#### Oppsummering

Budsjettet oppfyller ikkje tilråding om kor stort netto driftsoverskot kommunane bør ha. Det er viktig at kommunen styrker netto driftsoverskot framover og oppfyller tilråding som er gitt om størrelse på netto driftsoverskot.

Kommunen si lånegjeld aukar mykje i to årsperioden 2016 - 2017. Investeringane og låneopptak må bli sett i samanheng med om kommunen har netto driftsoverskot til å bere auken i gjelda.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø  
Sekretariatsleiar for kontrollutval, Postboks 16, 5902 Isdalstø